



Seglskuta Statsraad Lehmkuhl slik vi ofte ser den gjennom Storsund

Elevar frå 8. klasse på Rosendal ungdomsskule er valde ut til å vera med på segltur med Statsraad Lehmkuhl i morgon. Turen går frå Leirvik til Rosendal, og ein reknar med å gå gjennom Storsund i 12 - 13 tida.

Seglasen er ein del av Hardangertoktet som startar på Austevoll i dag og går via Leirvik og Rosendal til Odda og retur til Bergen på fredag. Elevane frå Uskedalen vert med på dagsturen måndag. 200 elevar frå Kvinnherad vert skyssa med buss og ferje til Stord.

På turen vil elevane få ei innføring i det å vera på ei stor seglskute. Det vert servert lunsj ombord.

'Statsraad Lehmkuhl' kjem til Rosendal i 14 tida.

Seinare på dagen er det lagt opp til kveldscruise for verksemder og personalgrupper.

Det vert også ope skip der det er høve å få koma ombord for ei omvisning.



Aktersalongen der kapteinen har sine mottakingar. Elevane frå Uskedalen vil truleg få full omvisning ombord.

Tekst: Kristian O. Bringedal

Foto: Kristian O. Bringedal og arkivet

Nett: Thor Inge Døssland